


NORGES OFFISIELLE STATISTIKK



# FOLKETELJINGA 1801 NY BEARBEIDING

POPULATION CENSUS 1801  
REPROCESSED

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS  
OSLO - NORWAY

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK B 134



# FOLKETELJINGA

1801

NY BEARBEIDING

POPULATION CENSUS

1801

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY  
OSLO 1980

ISBN 82-537-1149-2



## FØREORD

Denne publikasjonen gir opplysningar om befolkninga i Noreg i 1801 slik dei er komne fram etter ei ny bearbeiding av teljingsmaterialet frå det året. Publikasjonen ligg føre kort tid etter at Statistisk Sentralbyrå i særskilt hefte har prenta gamle tabellmanuskript frå Folketeljinga 1769 som tidlegare for ein stor del ikkje har vore publiserte.

Folketeljinga 1801 er den første nominative teljinga her i landet, dvs. ei teljing med oppgåver for kvar einskild namngjeven person. Teljingane før og også etter 1801, fram til 1865, skilde seg ut på den måten at dei lokalt teljingsansvarlege berre laga samandrag for grupper av personar.

Tanken om ei ny bearbeiding av det verdfulle grunnmaterialet frå 1801 vart drøfta i Byrået tidleg på 1950-talet. Av ulike grunnar vart det ikkje gjort noko meir med saka den gongen.

I 1968 gjorde professor Knut Mykland på vegner av historikarar ved universiteta i Bergen og Oslo og Norges lærerhøgskole i Trondheim opptak til eit møte med Byrået om same sak. Det var full semje om at ei ny bearbeiding av dette materialet etter moderne statistiske prinsipp ville kunne gi langt betre innsyn i strukturen i den norske befolkninga på 17- og 18-hundretalet enn dei kunnskapane ein tidlegare hadde fått ut av teljinga. Det gjaldt til dømes fordelinga etter alder og ekteskapeleg status, etter leveveg og samansetjing i husstandar. Moderne teknisk utstyr ville og gjere det mogleg med fleire kryssgrupperingar av materialet. Ved ny bearbeiding kunne ein i tillegg betre enn før støtte krava til statistisk kunnskap om små geografiske einingar.

Eit utval med professor Knut Mykland, Univeritetet i Bergen (formann), riksarkivar Dagfinn Mannsåker, Riksarkivet, avdelingsdirektør Erik Aurbakken og underdirektør Gisle Skancke, begge Byrået, vart peika ut til å styre framdrifta av arbeidet.

Den nye bearbeidinga er ikkje minst gjort mogleg takk vere økonomisk stønad frå Norges Almenvitenskapelige Forskningsråd og Nansenfondet.

Programmeringsstipendiat Jan Oldervoll, Universitetet i Bergen, har heilt sidan starten i 1968 hatt den praktiske leiinga av arbeidet. Frå 1974 har førsteamanuensis Ståle Dyrvik, Universitetet i Bergen, vore knytt til prosjektet som rådgivar. Sistnemnde har og skrive tekstavsnittet i denne publikasjonen.

Overføringa av opplysningane i teljingslistene til maskinlesbare media er gjort ved Universitetet i Bergen, i hovudsak av kontorassistent Målfrid Jacobsen.

Karta er laga av førstearkivar Jørgen Marthinsen, Riksarkivet. Førstesekretærene Carl Kierulf (programmering) og Helga Flo, begge Byrået, har stått for utarbeidinga av tabellane.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 7. juni 1980

Petter Jakob Bjerve

---

Gerd Skoe Lettenstrøm

## PREFACE

This publication presents data on the Norwegian population in 1801, as they appear from a new statistical evaluation of the census material.

The census in 1801 was the first census by name in Norway. Former censuses, and also censuses held between 1801 and 1865, differed from the census in 1801, as they did not give information on individuals, only summary information on groups of persons.

The idea of undertaking a new statistical evaluation of the census from 1801 was discussed in the Central Bureau of Statistics early in the 1950ies. For different reasons no further steps were taken. However, in 1968, this question was again discussed in the Central Bureau of Statistics, following an initiative from historians at the Universities of Bergen and Oslo and the Norwegian Teachers' High School in Trondheim. The participants all agreed that a new statistical evaluation according to modern principles would give a much more detailed picture of the social structure in the eighteenth and nineteenth centuries than the results published before. In addition, more cross-classifications could be made.

A four-man committee was set up to oversee the project, the members being Professor Knut Mykland (University of Bergen), State Archivist Dagfinn Mannsåker (The National State Archive) and from the Central Bureau of Statistics: Assistant Director Erik Aurbakken and Deputy Assistant Director Gisle Skancke.

Financial aid was given by the Norwegian Research Council and the Nansen Research Fund.

Mr. Jan Oldervoll, University Fellow in Programming, had the responsibility for the practical work in Bergen. From 1974 Senior Lecturer Ståle Dyrvik, University of Bergen, has been attached to the project as an advisor, and the introductory text has been written by him.

The punching of the material was largely carried out by Ms. Målfrid Jacobsen.

The maps have been drawn by Senior Archivist Jørgen H. Marthinsen.

The tables have been prepared by Mr. Carl Kierulf and Ms. Helga Flo in the Central Bureau of Statistics.

The Central Bureau of Statistics, Oslo, 7 June 1980

Petter Jakob Bjerve

---

Gerd Skoe Lettenstrøm

## INNHALD

	Side
Figurregister .....	7
Tabellregister .....	7
Tekstdel	
1. Bakgrunnen for teljinga .....	9
2. Reskriptet av 28. november 1800 .....	9
3. Iverksetjinga og teljingsmaterialet .....	14
3.1. Teljearbeidet .....	14
3.2. Heimstad og opphaldsstad .....	14
3.3. Alder .....	15
3.4. Ekteskapeleg status .....	15
3.5. Familie og husstand .....	15
3.6. Yrke, status .....	16
3.7. Dei administrative inndelingane .....	16
3.8. Problemet Holt-Dypvåg .....	17
4. Tidlegare bearbeiding av folketeljingsmaterialet frå 1801 .....	18
5. Bearbeidinga .....	18
5.1. Klassifikasjonar og definisjonar .....	18
5.2. Produksjon av tabellane og kontrollar .....	19
5.3. Hovudresultat av teljinga .....	20
Tekst på engelsk .....	22
Figurdel .....	31
Tabelldel .....	53
Vedlegg	
1. Liste over yrkestermar på engelsk .....	157
Utkomne publikasjonar	
Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå sidan 1. januar 1979 .....	160
Utvalde publikasjonar i serien Statistisk Sentralbyrås Handbøker (SSH) .....	165

### Standardteikn i tabellar

- . Tal er umogleg (ulogisk)
- .. Oppgåve manglar
- Null
- 0 Mindre enn 0,5 av den brukteeininga

CONTENTS

	Page
Index of figures .....	8
Index of tables .....	8
Text	
1. The Background .....	22
2. Execution of the Census and the census data .....	22
2.1. Collection of the data .....	22
2.2. Home and Residence .....	23
2.3. Age .....	23
2.4. Marital status .....	24
2.5. Family and Household .....	24
2.6. Occupation and Status .....	24
2.7. The administrative Divisions .....	25
2.8. The Problem of Holt-Dypvåg .....	26
3. The present Study .....	26
3.1. Classifications and Definitions .....	26
3.2. Production of the Tables, and Controls .....	28
3.3. Main Results of the Census .....	29
Figures .....	31
Tables .....	53
Annex	
1. List of occupations .....	157
Publications	
Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 January 1979 .....	160
Selected publicatons in the series Manuals from the Central Bureau of Statistics (MAN) ....	165

Explanation of Symbols in Tables

- . Category not applicable
- .. Data not available
- Nil
- 0 Less than 0.5 unit employed

## FIGURREGISTER

	Side
1. Oversiktskart .....	33
2. Smålenene, Akershus og Jarlsberg-Larvik .....	35
3. Hedemarken og Kristians amt .....	37
4. Buskerud og Bratsberg .....	39
5. Nedenes og Lister og Mandal .....	41
6. Stavanger og Søndre Bergenhus .....	43
7. Nordre Bergenhus og Romsdal .....	45
8. Søndre Trondhjem og Nordre Trondhjem .....	47
9. Nordland .....	49
10. Finnmarken .....	51

## TABELLREGISTER

	Side
1. Folkemengda etter kjønn og eittårige aldersklasser. Landsdel .....	53
2. Folkemengda etter kjønn og alder. Amt .....	56
3. Folkemengda etter kjønn og alder. Amt. Prosent .....	58
4. Folkemengda etter kjønn og alder. Prestegjeld og sokn .....	59
5. Folkemengda etter kjønn og alder. Amt og einskilde byar .....	82
6. Folkemengda etter kjønn, alder og ekteskapeleg status. Landsdel .....	92
7. Menn og kvinner i ulike aldersgrupper, etter ekteskapeleg status. Landsdel. Prosent .....	94
8. Folkemengda i by- og landdistrikt etter kjønn og leveveg .....	97
9. Folkemengda i landdistrikta etter kjønn og leveveg. Amt .....	106
10. Personar i private hushald etter stilling i hushaldet og hovudpersonen sin leveveg. By- og landdistrikt. Landsdel .....	122
11. Private hushald etter storleik, og hovudpersonen sin leveveg .....	144
12. Personar i anstalthushald etter stilling i hushaldet og type hushald. Landsdel og sokn ...	145
13. Sambuande ektepar etter aldersskilnaden på mann og kone, og mannen sin alder .....	147
14. Sambuande ektepar etter talet på giftarmål, aldersskilnad på mann og kone, og mannen sin alder .....	150



## INDEX OF FIGURES

	Page
1. Survey map .....	33
2. Smålenene, Akershus and Jarlsberg-Larvik .....	35
3. Hedemarken and Kristians amt .....	37
4. Buskerud and Bratsberg .....	39
5. Nedenes and Lister og Mandal .....	41
6. Stavanger and Søndre Bergenhus .....	43
7. Nordre Bergenhus and Romsdal .....	45
8. Søndre Trondhjem and Nordre Trondhjem .....	47
9. Nordland .....	49
10. Finnmarken .....	51

## INDEX OF TABLES

	Page
1. Population by sex and single years of age. Region .....	53
2. Population by sex and age. County .....	56
3. Population by sex and age. County. Per cent .....	58
4. Population by sex and age. Clerical district and parish .....	59
5. Population by sex and age. County and selected towns .....	82
6. Population by sex, age and marital status. Region .....	92
7. Males and females by age and marital status. Region. Per cent .....	94
8. Population in urban and rural districts by sex and source of living .....	97
9. Population in rural districts by sex and source of living. County .....	106
10. Persons in private households by status in the household and source of living for head of household. Urban and rural districts. Region .....	122
11. Private households by size and by source of living for head of household .....	144
12. Persons in institutional households, by status in the household and type of household. Region and parish .....	145
13. Married couples by age difference of husband and wife, and age of husband .....	147
14. Married couples by number of marriage, age difference of husband and wife and age of husband .....	150

## 1. BAKGRUNNEN FOR TELJINGA

Ved reskript av 28. november 1800 vart det utsendt kongeleg befaling om å halda folketeljing i Danmark, Noreg og på Island den 1. februar 1801. Resultatet vart den første nominative folketeljinga i Noreg, dvs. den første teljinga som inneheld namn og andre opplysningar for kvar einskild innbyggjar i landet.

Alt frå åra 1663-66 finst det frå dei fleste norske prestegjeld bevart to, tre eller fleire rekkjer av manntal, lister over mannspersonar. Medan dei første av desse manntala som regel berre omfattar menn over 12 år, skulle det siste frå 1665-66 ha med alle menn. Av kvinner vart det berre teke med slike som sat som oppsitjarar på gard. Teljingane gjaldt berre landdistrikta, kjøpstadene vart ikkje registrerte. I 1701 vart det sett opp eit nytt manntal for dei som budde på landet. Som i 1663-66 vart bustad, namn og alder nedteikna. Utelatne vart no berre gutar under eitt år. Mens teljingsmaterialet frå 1660-åra dekkjer om lag heile landet, finst manntalet frå 1701 med få unntak berre for Nord-Noreg, Trøndelag, Vestlandet og deler av Agder.

Den første eigentlege folketeljinga her i landet vart halden i 1769. Nò vart også kvinnene talde med, berre dei yrkesmilitære er haldne utanfor. I motsetnad til dei eldre manntala inneheld denne teljinga ingen individualopplysningar, berre prestegjeldsvisе summariske data om alder, kjønn og yrke.

I 1787 vart så ei folketeljing på namn iverksett i Danmark. I Noreg har ein berre funne nokre spreidde spor etter eit liknande arbeid. Folketeljinga av 1. februar 1801 vart såleis den første nominative folketeljinga i vårt land. Ho står som ei hovudkjelde til norsk befolknings- og samfunns-historie på 1700- og 1800-talet. Først frå 1865 vart denne typen teljing fast skikk i Noreg. Dei mellomliggjande teljingane frå 1815, 1825, 1835, 1845 og 1855 gir for dei fleste bygder og byar berre summariske opplysningar.

Det umiddelbare tildrivet til å halde folketeljing i 1801 er ikkje kjent. Men styresmaktene hadde fått interesse for befolkninga, slik tiltaka i 1769 og 1787 viser. I utforming minner teljinga i 1801 svært mykje om den danske frå 1787, og ho kan oppfattast som eit naturleg framhald av den. Inngangen til eit nytt hundreår sette tydelegvis fart i saka, for også land som England og Frankrike heldt folketeljingar i 1801.

## 2. RESKRIPTET AV 28. NOVEMBER 1800

Påbodet om folketeljinga den 1. februar 1801 vart utferda som eit reskript i to utformingar, eitt til stiftamtmennene i Danmark og Noreg, oberberghauptmannen på Kongsberg og dei amtmennene i Danmark som hadde kjøpstader under seg, og det andre til biskopane i Danmark, Noreg og på Island. Saman med reskriptet fylgde prøver på korleis teljingslistene skulle førast.

Reskriptet er her prenta etter Laurids Fogtmanns utgåve av Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegialbreve. Avsnitt mellom |: :| gjekk berre til stiftamtmennene osb., avsnitta mellom [ ] berre til biskopane. Reskriptet har denne ordlyden:

28. Novbr. 1800: Rescr.ang. en almindelig Folketælling i Kjøbstæderne og paa Landet den 1ste Febr. 1801.

Overbeviist om den Nytte, som nøiaktig Kundskab om Folketallet i Sine Riger og Lande, efter Alder, Kjønn og Næringsvei medfører, har Kongen besluttet, at en saadan Folketælling skal foretages overalt, saavel i Kjøbstæderne som paa Landet i Danmark og Norge, og Samme tage sin Begyndelse næstkommende 1ste Februar, der er en Søndag, og forsaavidt Optællingen ikke paa een Dag kan fuldendes, |: bør Samme i Kjøbstæderne fortsættes de næst paafølgende Søndage:| [fortsættes de efterfølgende Søndage].

Ved denne Tælling iagttages den Regel, at de Børn, som fødes efter den 1ste Februar, men førend Tællingen endnu er fuldendt, ansees som ufødte, og tælles ikke; hvorimod de Personer, som maatte døe i det Tidsrum fra Tællingens Begyndelse indtil den er fuldendt, tælles som Levende, paa det at af den heele Optælling kan erfares Folkemængdens virkelige Tilstand paa den bestemte Dag. Under Tællingen inddrages Alle og Enhver, af hvad Stand de være maatte, saavel Indfødte som Fremmede, der paa |: bemeldte 1ste Februar :| [den bestemte Dag] opholde sig her i Rigerne, samt de Indfødte, der vel kunne være fraværende

paa Reiser, men om hvilke vides, at de enten her have deres sædvanlige Opholdssted, eller at de igjen agte sig tilbage, for her at etablere sig.

|: Ligesom ved Rescript til samtlige Biskoper er befalet, at Optællingen paa Landet skal besørjes af Sognepræsterne, og disse derved understøttes af ethvert Sogns og Annex's Degn og Skoleholdere: saaledes vil Kongen ogsaa, at Tællingen i Kjøbstæderne skal besørjes, under Magistratens Bestyrelse, af Rodemesterne, der maa gaae fra Huus til Huus, for efter Huusfaderens Anviisning og ved hans Hjælp at optegne de i ethvert Huus forefindende Personer tilligemed de Efterretninger, som herefter om hver især forlanges, samt naar flere Familier boe i eet Huus, da særskilt for sig at anføre hver Familie tilligemed de dertil hørende Personer. Under denne Tælling indtages alle, saavel Geistlige og Civile som Militaire, der i Kjøbstæderne maatte ligge i Quarteer. Derimod vil de Militaire, som ligge enteni Fæstninger, der ei tillige ere Kjøbstæder, eller i Kaserner, saavel som de Matroser og Andre, der boe i de saakaldte Nyboder i Kjøbenhavn, tilligemed deres Familier, af vedkommende Kongl. Collegier blive foranstaltede optalte. :|

[Ligesom ved Rescript til samtlige Stiftsbefalingsmænd og de Amtmænd i Danmark, der have Kjøbstæder under sig, saavel som Overberghauptmanden paa Kongsberg er befalet, at Optællingen i Kjøbstæderne skal besørjes, under Magistraternes Bestyrelse, af Rodemesterne: saaledes vil Kongen, at denne Optælling paa Landet skal skee af Sognepræsterne, og at Degnen samt Skoleholderne i ethvert Sogn og Annex skulle gaae dem tilhaande derved. For at lette Arbeidet ved Optællingen, maae det være Præsterne tilladt, hver i sit Sogn, fra Prædikestolen at indkalde, til at møde for sig paa fornævnte 1ste Februar, Huusfædrene fra saa mange Byer og Gaarde eller Huse, hvis Indvaanere de formene at kunne paa den Dag faae optalte, for at angive de Personer, som opholde sig i deres Gaarde eller Huse, samt tillige for hver Person især at meddele de øvrige Efterretninger, som herefter ommeldes. Da have Præsterne saaledes, efter foregaaende Bekjendtgjørelse fra Prædikestolen, paa hver af de efterfølgende Søndage at fortsætte Tællingen, indtil samtlige Sognets Indvaanere ere optalte, og der over dem ere blevne forfattede Lister. I de Sogne, hvor Hovedgaarde ere beliggende, bør Hovedgaards-Eierne, eller de Personer, som paa deres Vegne møde, være pligtige tillige at medbringe udførlig Skriftlig Underretning om alle dem, som opholde sig paa Hovedgaardene.]

Som regel ved Tællingen iagttages: At Enhver regnes til det Huus, hvori han sover: at, naar en Person, som sædvanligen sover i et Huus, er fraværende, enten aleene i Forretninger i Landet, eller og udenlands, med det Forsæt at komme tilbage, f. Ex. til Søes, da regnes han til den Familie, fra hvilken han er bortreist, og til hvilken han agter sig tilbage: at ligesom Tællingen overalt bør skee gaard- og huusvis, saaledes at for hver Gaard eller Huus anføres alle deri værende Personer, saa bør ogsaa i Listerne hver Persons fulde Navn anføres, tilligemed dens Alder; hvorved, i Henseende til Navnet, iagttages, at naar usædvanlige Navne forekomme, der kunne foranledige Uvished om Personernes Kjønn, maa dette tillige i Listerne benævnes; og i Henseende til Alderen, at det løbende, men ikke det opfyldte Alders-Aar anføres, f. Ex. ved nyfødte Børn skrives 1, og ved den, som er i sit 26de Aar 26, og ei 25.

For hver Person anføres, hvad den er i Huset, saasom Mand, Hustru, Barn, Slægtning og hvor nær, Tjeneste-Tyende, samt Svend og Dreng, til Leie boende, Logerende, Indquartered, og saa videre; for hver Person maa gjøres Forklaring, om den er gift første, anden eller hvilken Gang, eller ugift, eller i Enkestand første, anden eller hvilken Gang. Personernes Titel, Embed, Forretning, Haandverk og Næringsvei, eller hvad de leve af, maa ligeledes anføres, samt saavidt de maatte være vanføre, eller leve af Almisse. [I Særdeleshed anmærkes ved Huusmænd paa Landet, om de have Jordbrug eller anden Næringsvei. I øvrigt, naar flere Familier boe i et Huus eller Gaard, da bør hver Familie særskilt anføres tilligemed de til Samme hørende Personer.]

Paa det at Tællings-Listerne kunne naae den muligste Grad af Tydelighed, hvortil især udfordres, at de Alle, saavidt passende, indrettes paa lige Maade og efter lige Regler, maa Vedkommende meddeles de hosfølgende trykte udfyldte Schemata, som vise, hvorledes de Personer, der tælles, bør anføres, og i hvilke Rubriker de om dem forlangte Efterretninger bør anmærkes. Ligeledes maa Vedkommende, [til Lettelse i Arbeidet] meddeles det til Listernes Forfattelse tilstrækkelige Antal Papiir, hvorpaa Rubrikerne med deres Tiltler ere aftrykte.

Naar Listerne ere forfattede og fuldførte, igjennemsees de i Kjøbstæderne af Magistraten, som besørger rettede de Feil og Mangler, som derved maatte forefindes, og derefter indsender Samme til Stiftamtmanden (Amtmanden, O.), for tilligemed de Anmærkninger, han ved Samme maatte finde fornødne,

at tilstilles Rentekammeret. I øvrigt er det Kongens Villie, at den saaledes befalede Folketælling bliver iverksat med al mulig Flid og Nøiagtighed, da i Tilfælde af, at bemeldte Lister ikke findes indrettede saaledes, som foreskrevet er, Vedkommende maa vente at erholde Samme fra Rentekammeret tilbagesendte til Rettelse og Manglernes Udflydelse.

[Naar Listerne efter Schema ere forfattede og fuldførte af Præsterne for deres Sogne og Annexer, skulle Samme tilstilles Provsterne, for af disse nøie at eftersees, om ved en eller anden Person nogen af de Efterretninger, som ere anbefalede, maatte være forglemte, i hvilket Fald Listerne igjen bør tilstilles vedkommende Forfatter, for at udfylde det Manglende. Derefter maa disse Lister fra Provsterne tilsendes vedkommende Amtmænd, Enhver for sit Amt, der ligeledes have at igjennemsee, og, efter Omstændigheder, at Lade Listerne, ifald det behøves, af deres Forfatter omgjøres, førend de fra dem blive indsendte til Stiftamtmanden og Biskopen, der, naar Intet ved Listerne findes at erindre, have at indsende Samme til Rentekammeret. I øvrigt maa Vedkommende opmuntres til, uden Fordomme at anvende paa Optællingen al mulig Flid, samt derhos advares om, at drage Omsorg for, at denne Forretning skeer med muligste Nøiagtighed, da de i modsat Fald, om Listerne nemlig ikke findes indrettede saaledes, som befalet er, maae vente at erholde Samme fra Rentekammeret tilbagesendte til Rettelse og Manglernes Udflydelse.]

## O p t e g n e l s e

paa Folketallet i N. N. Sogn under N. N. Amt, saaledes som det befandt sig at være den 1ste Febr. 1801, tilligemed Forklaring om enhver Persons Stand, Embede og Næringsvei, m. v.

Boernes og Eredernes Navne, samt Familiernes Antal.	Personernes fulde Navne i enhver Familie.	Hvad enhver Person er i Familien.	Personernes Alder, det især benders Alder iberegnet.	Ugift eller gift, og hvor ofte de have været i Ekte- eller Enkestand.	Personernes Titel, Embede, Forretning, Haandværk, Næringsvei, eller hvad de leve af.	Summa paa Folketallet i hver Bye og Sogn m. v.			
N. N. Bye. 1ste Familie.	Hans Schou	Huusbonde	40	Gift anden Gang.	Konfessorialraad og Sognepræst.				
	Wilhelmine From	Hans Kone	24	Gift første Gang.					
	Niels Schou	Hans Søn	10	Ugift.					
	Jakob Hans Schou	Deres Børn	2	—					
	Virgitte Schou		1	—					
	Hans Rasmusen	Tjenestefolk	36	Enkemand efter første Ektefab.					
	Marie Hansdatter		20	Ugift.					
	Antonette Schou, fød Holm	Huusbondens Moder	70	Enke efter tredje Ektefab.					
	2den —	Rasmus Jensen	Huusbonde	50			Begge i første Ektefab.	Bonde og Gaardbeboer.	
		Karen Jensdatter	Hans Kone	45			Ugift.		
		Niels Jensen	Deres Søn	13			Ugift.		
		Hans Nielsen	Tjenestefolk	28			Gift i første Gang		
		Marie Andersdatter		20			Ugift.		
	3die —	Jeppe Olsen	Mand	15			—	National-Soldat.	
		Morten Hansen		50			Begge i første Ektefab.		
Nille Olsdatter		45		Ugift.					
4de —	Nads Jensen	Deres Søn	5	Ugift.	Huusmand med Jord.				
	Kristen Pedersen	Mand	30	Begge i første Ektefab.					
	Maren Hansdatter	Hans Kone	27	—					
o. s. v.									
N. N. Bye. 1ste Familie.	Anders Olsen	Huusbonde	60	Den første i andet og den sidste i tredje Ektefab.	Bonde og Gaardbeboer.				
	Kirstine Nielsdatter	Hans Kone	70						
	Jakob Hansen	Tjenestefolk	26				Ugift.		
	Sidsje Hansdatter		22				—		
	Jens Frandsen		12				—		
	2den —	Niels Nielsen	Mand				50	Begge i første Ektefab.	Huusmand og Bøver.
		Maren Jesdatter	Hans Kone				45	—	
	3die —	Hans Knudsen	Mand				48	Ligeledes.	Inderste, og gaar i Dagleie.
		Malene Jensdatter	Hans Kone				65		
	o. s. v.								
N. N. Bye. 1ste Familie.	Hans Frandsen	Huusbonde	30	Enkemand efter første Ektefab.	Bonde og Gaardbeboer.				
	Jens Nielsen	Tjenestefolk	30	Gift i første Gang					
	Maren Pedersdatter		25	Ugift.					
	Frederik Etat		16	—					
o. s. v.									
N. N. Hovedgaard. 1ste Familie.	Niels Jakobsen	Huusbonde	35	Ugift.	Forvalter ved Gøbset.				
	Johan Vest	Tjenestefolk	26	—					
	Jakob Nielsen Dahl		17	—					
	Ingeborg Jensdatter		24	Gift i første Gang					
o. s. v.									
Et Markhuus.	Johan Hendriksen	Mand	50	Ligeledes.	Opsynsmand ved Gierderne om Hovmarkerne.				
	Ane Hansdatter	Hans Kone	45	—					
	Peder Johan	Et Vieebarn fra Opfostringshuset.	2	—					
o. s. v.									
						30			

# O p t e g n e l s e

paa Folketallet i N. N. Riisbæd, saaledes som det befandt sig at være den 1ste Februar 1801,  
tilligemed Forklaring om enhver Persons Stand, Embede og Næringsvei, med videre.

Gadernes Navne, samt Gaardenes og Husenes Nummer, saa og Familiernes Aantal.	Personernes fulde Navne i enhver Familie.	Hvad enhver Person er i Familien.	Perfo- nernes Alder, det læ- bende Al- ders Aar ibereg- net.	Ugipt eller gipt, og hvor ofte de have været i Egte- eller Enkeskab.	Personernes Titel, Embede, Ko. retning, Aaandværk, Næ- ringsvei, eller hvad de leve af.	Summa paa Folketallet saavel i en- hver Gade især, som i den hele Bøe tilsammen.					
N. N. Gade No. 1.	1ste Fam.	Johan Hendrik Smith	Huusbonde	67	gipt anden Gang	Riisbmand					
		Wilhelmine Frost	hans Kone	68	gipt tredje Gang						
		Hans Steensen Smith Frederik Hansen	hans Søn hendes Søn	26 27	ugipt ugipt	Riismandskarl Lieutenant ved N. N. Regiment					
		Maria Smith Hans Frandsen Eriksen Jansen	deres Datter Tjenestefolk	19 24 26	ugipt ugipt gipt første Gang	Gaardskarl gevorben Soldat og Frimand					
		Maren Hansdatter Ulrik Smith	Huusbondens Farbroder	19 70	ugipt Enkemand ef- ter første Egteskab	forhen Lieutenant og afskediget med 72 Rdr. aarlig Pen- sion.					
		2den Fam.		Niels Møller Wilhelmine Røsch Johan Møller	Huusbonde hans Kone deres Søn	40 38 21		begge i første Egteskab ugipt	Uhrmager Koffardie- Eyr- mand Læredreng		
				Jens Frandsen Marie Hansdatter	Tjenestefolk	17 19		ugipt ugipt			
				No. 2.	3die Fam.	Frederik Jansen		Huusbonde	40	Enkemand ef- ter første Egteskab	Skomager
						Hans Jensen Sidse Andersdatter John Jensen Jakob Hansen Erik Frandsen		Tjenestefolk Huusbondens Søn. Indqvarterede	26 16 4 38 28	ugipt ugipt ugipt ugipt ugipt	Korporal ved N. N. Rytter Regiment
		o. s. v.	o. s. v.								
N. N. Gade No. 1.	23de Fam.	Hans Frederik Høst Frederike Møller	Huusbonde hans Kone	55 44	begge i første Egteskab	forhen Jordbegod- eier, men lever nu af sine Mid- ler	150				
		Mads Frederik Høst	deres Søn	20	ugipt	Student, og ophol- der sig for nærvæ- rende Tid ved Uni- versitetet i Halle					
		Maren Hansdatter Johan Hendrik Møller	Tjenestepige Logerende	24 36	ugipt ugipt	Vice-Raadmand der i Wgen					
		o. s. v.	o. s. v.								

Tilsammen i N. N. Riisbæd 550 Perso-  
ner.

### 3. IVERKSETJINGA OG TELJINGSMATERIALET

#### 3.1. Teljearbeidet

Sjølve teljearbeidet vart utført etter to ulike opplegg. Det eine omfatta alle kjøpstadene og dei gruve- og verkssamfunna som sorterte under Oberbergamtet på Kongsberg. Her var det rodemeistrane som skulle føra listene under oppsyn av magistraten, bystyret. Magistraten skulle senda listene til stiftamtmanden etter å ha saumfare dei for feil og manglar. I landdistrikta, der bortimot 90 prosent av befolkninga høyrde heime, vart teljearbeidet gjort av sokneprestane. Dei fekk rett til å søkja hjelp hjå klokkarane og skulehaldarane, men listene viser at dei stort sett utførte arbeidet sjølve. Frå prestane gjekk listene gjennom fleire kontrollerande ledd, først til prosten, så til amtmannen, og frå han til stiftamtmanden, som i dette tilfellet rådførte seg med biskopen. Frå stiftamtmanden gjekk så heile teljingsmaterialet med eventuelle merknader til Rentekammeret i København.

Rodemeistrane og sokneprestane skulle nytta prenta lister som var tilpassa dei to ulike måtane å oppgi bustad på: Gate og husnummer i kjøpstadene, landsby (i Danmark) eller gard på landet. Dei vart også føreskrivne ulike arbeidsrutinar. Rodemeistrane skulle gå frå hus til hus i roden sin og sank opplysningar frå hovudpersonen i kvar familie. Prestane kunne nøya seg med å forhøyra husfedrane i samband med sundagsgudstenestene, og det vart derfor rekna med at arbeidet for deira del kunne koma til å ta fleire veker. I begge tilfella vil ein leggja merke til at opplysningane som regel ikkje vart gitt av den einskilde personen beinveges til teljaren, men av ein mellommann, familieoverhovudet.

Folketeljinga skulle syna stoda den 1. februar 1801, men då det altså var grunn til å tru at arbeidet ikkje kunne slutførast denne dagen, måtte teljarane få ytterlegare instruksjonar. Det heiter i reskriptet at dei skal la vera å telja born som er fødde etter den 1. februar, men ta med i listene dei som levde denne dagen og var døde seinare. Det er derimot ikkje sagt noko tilsvarande om korleis flyttarar skulle handterast.

#### 3.2. Heimstad og opphaldsstad

Instruksen har fylgjande føresegn om kven som skulle teljast: "Under Tællingen inddrages Alle og Enhver, af hvad Stand de være maatte, saavel Indfødte som Fremmede, der paa bemeldte 1ste Februar (den bestemte Dag) opholde sig her i Rigerne, samt de Indfødte, der vel kunne være fraværende paa Reiser, men om hvilke vides, at de enten her have deres sædvanlige Opholdssted, eller at de igjen agte sig tilbage, for her at etablere sig." Med "sædvanlig opholdssted" er meint huset der personen til vanleg søv. Innbyggjarane i Noreg den 1. februar 1801 skulle altså ikkje registrerast på den staden der dei faktisk var, men der dei høyrde heime.

Listene viser at sjøfolk, også dei i utanriks fart, som regel må vera oppførte på heimstadene sine. Det same gjeld andre folk på reise. Men ein finn også nemnt personar som "opholder sig" i utlandet, til dømes studentar i København. Dette viser at det har mangla ein klar definisjon av heimstad. Tenestefolk er derimot registrerte på den staden der dei arbeider, jamvel om opphaldet i sin natur kan oppfattast som mellombels. Noko liknande gjeld for dei militære i festningar og kaserner, som er opptalde der av si militære styremakt. Men om nordmenn i kortvarig fråver er talde på heimstadene sine, har ikkje den same regelen fått sitt motstykke i ei sløyfing av utlendingar som mellombels er til stades i Noreg. Konklusjonen vert altså at folketeljinga i 1801, utan å definera kva som eigentleg er heimstad, registrerer den heimehøyrande norske befolkninga pluss den tilstadeverande utanlandske.

Det uklare heimstadomgrepet må ha skapt problem i arbeidet med å telja den nomadiske delen av den samiske befolkninga. Men listene fortel lite om korleis vansken er løyst. I ein del prestegjeld er samane skilde ut i listene, i andre ikkje. Folketeljninga gir altså ikkje systematiske opplysningar om etnisitet. Når samane er oppførte særskilt, er det i regelen tale om reindriftssamar. Inntil grundigare undersøkingar er gjorde, må ein tru at dei tilliks med den norske befolkninga er registrerte på det som prestane har rekna som heimstaden deira.

Bustadoppgåvene i folketeljninga viser ikkje noko gjennomført mønster. I kjøpstadene er som oftast huset den minste identifiserbare geografiske eininga. Prestane på landet fylgjer stort sett inn-delinga i matrikelgardar, men oppgir ofte bruks- og plassnamn i tillegg.

### 3.3. Alder

I dag vert alder oppgitt i fylte år, dvs. som alder oppnådd ved siste årsmålsdag. I instruksen til 1801-teljninga heiter det derimot at "det løbende, men ikke det opfyldte Alders-Aar anføres", altså at alderen skal reknast som alderen ved førstkomande årsmålsdag, eitt år høgare enn etter vanleg aldersdefinisjon i dag. Det er ikkje kjent kor utbreidd denne måten å rekna alder på har vore kring 1800, men ein kan ikkje sjå bort frå at ulike reknemåtar er blanda i hop i folketeljningslistene. Alle tabellane i denne publikasjonen fylgjer alderen slik han er oppgitt i originalmaterialet frå 1801.

Dessutan viser listene at aldersoppgåvene må ha gjennomgått til dels sterk avrunding: Over 20 eller 30 års alder vert opphopinga på tal som endar på 0 eller partal svært tydeleg. Det inneber at aldersoppgåvene i teljinga berre må oppfattast som tilnærma rette. Det er ikkje kjent om misvisinga i aldersoppgåvene er like stor i alle delene av landet.

### 3.4. Ekteskapeleg status

I motsetnad til dei mange stega på aldersstigen er det i hovudsak berre tale om tre typar ekteskapeleg status i 1801: Ugift, gift og i enkjestand. Då dette er opplysningar som er etter måten enkle å kontrollera, reknar ein dei for pålitelege. Det same gjeld ekteskapet eller enkjestandet sitt nummer i rekkja, som sjeldan overstig 2 eller 3.

Ei lita forstyrring i dette enkle skjemaet skaper rett nok 240 separerte og 172 skilde personar. I tabellane i denne publikasjonen er dei rekna som gifte i første ekteskap.

### 3.5. Familie og husstand

Reskriptet påbyr at det for kvar person skal først opp kva han "er i Huset, saasom Mand, Hustru, Barn, Slægtning og hvor nær, Tjeneste-Tyende, samt Svend og Dreng, til Leie boende, Logerende, Indqvart-ered, og saa videre." Dette inneber at personane vert grupperte i einingar, kalla familiar i teljinga, med eit definert forhold til ein hovudperson i denne familien, kalla husbond, husfar, mann ol. Iblant opptrer også ei einsleg kvinne som overhovud for ein familie.

Då denne familien oftast omfattar meir enn foreldre og born, ein kjernefamilie, og heller må skildrast som ei gruppe menneske i bufellesskap, vil det vera rettast å skifta ut folketeljninga si nemning familie. I denne publikasjonen vert det i staden tala om husstand eller hushald.

Vi veit ikkje kva nøyaktige kjenneteikn teljarane i 1801 har lagt til grunn ved samanføringa av personar til husstandar. Det må vera menneske som deler eit sams husvære. Meir uvisst er det om desse personane alltid treng ha sams kosthald, som er eit mykje nytta kjenneteikn ved definisjonen av hushald i



dag. I 1801 vert kårfolka stundom oppførte som eigne husstandar, stundom som medlemmer av andre. Dette kan uttrykkja reelle skilnader i kårfolks sjølvstende i økonomi og bumåte, men kan også vera utslag av vinglande definisjonar. Innerstane, som etter vanleg oppfatning var innlosjerte som heldt seg sjølve med kosten, er oftast rekna som medlemmer av større husstandar. Det er såleis mangt som talar for at teljarane i 1801 har hatt ei noko usikker og skiftande meining om kva ein "familie" eller ein husstand eigentleg er.

Folketeljinga gir også fleire døme på ein type husstandar som kunne kallast kollektive: Ei større gruppe menneske som lever i fellesskap i ein institusjon, det vere seg eit hospital, eit fattighus, eit fengsel, eit militært anlegg. På grunn av at folketeljinga stort sett registrerer den heimehøyrande befolkninga (sjå punkt 3.2. ovanfor), vil den kanskje vanlegaste forma for kollektive husstandar, skipsmannskapet, falla utanfor.

### 3.6. Yrke, status

Om innsamlinga av yrkesoppgåver seier instruksjen: "Personernes Titel, Embed, Forretning, Haandverk og Næringsvei, eller hvad de leve af, maa ligeledes anføres, samt saavidt de maatte være vanføre, eller leve af Almisse. I Særdeleshed anmærkes ved Huusmænd paa Landet, om de have Jordbrug eller anden Næringsvei." I røynda er det her tale om opplysningar av to slag: Først personens stilling eller status, og dinest hans inntektsgivande verksemd. Det let til at denne todelinga har ført til mykje inkonsekvens og mangel på systematikk i teljingslistene.

Praksis ligg nær opp til føresegnene når ein gardbrukar vert oppført: som td. "Bonde, Gaardbruger og Selveier". Uttrykket fortel om status, bonde, og inntektsgrunnlag, drift av sjølvveigd gard. Meir innfløkt vert det med ei anna stor gruppe, husmennene. Denne nemninga fortel om ein måte å leiga jord eller hustuft på. Husmann med jord lever nok for ein del av plassane sine, men har i regelen andre inntektskjelder utanom. Dette vil sjølvsagt alltid måtta gjelda for husmennene utan jord. Likevel har storparten av teljarane nøgd seg med å nytta nemningane husmann med og utan jord åleine. Ein del verv og ombod kan heller ikkje utgjera fullstendig levebrød, som det å vera prestens medhjelpar eller stemnevitne. Likevel står desse verva ofte oppførte åleine i yrkeskolonna. Tilsvarande er det med mange militære, særleg av lågare rang: Graden kan vera ein rein tittel, og dei har inntektene sine andre stader ifrå. Dette vil alltid gjelda for dei utskrivne soldatane og matrosane.

Neste problem ligg innfelt i dette: Kva er oppgitt når personen har fleire inntektskjelder? Teljarane har gått fram på ulik måte. Nokre har forsøkt å få med attåtyrke, andre har nøgd seg med å notera hovudyrket, nesten alltid det som fortel om status. Slik har det seg at den vanlege kombinasjonen gardbrukar-fiskar i nokre prestegjeld kan vera skriven "Bonde, Gaardbruger og Fisker", i andre berre "Bonde og Gaardbruger". Det er såleis grunn til å rekna med at ein del typiske attåtyrke i bondesamfunnet, ikkje sjeldan dei som gav mest til levemåten, er underregistrerte i teljinga. Tilsvarande større blir underregistreringa når same personen har hatt fleire attåtyrke, for meir enn to yrkesnemningar ser ein berre unntaksvis i listene.

Somme yrkesopplysningar må søkjast i kolonna som fortel om stilling i husstanden. Alle tenestfolka er noterte her, då det å vera tenar tydelegvis er oppfatta som ei husstandsrolle meir enn eit yrke. I endå høgare grad gjeld dette husmødrene og dei heimeverande borna. Dei vert rekna som forsørgde av husstandsoverhovudet, medan dei i røynda må ha stått for ein stor del av den inntektsgivande verksemda innanfor husstanden. Truleg har mange av dei ikkje-familiære medlemene av husstanden vore i same stilling som kone og eldre born. Men eit skarpt skilje mellom økonomisk aktive og passive innanfor husstanden er det sjølvsagt vanskeleg å dra. Finst det derimot nokon som er delvis eller heilt forsørgde av personar utanfor husstanden eller av det offentlege, er dette i regelen oppgitt.

### 3.7. Dei administrative inndelingane

Som nemnt i instruksjen er det kjøpstadene og prestegjelda som er dei administrative inndelingane folketeljinga er utført innanfor, og som det dermed er naturleg å bruka som minsteiningar ved ei statistisk framstilling. I røynda er ikkje saka fullt så enkel.

For det første syner det seg at langt dei fleste prestane har gjennomført teljinga soknevis, slik at sokna eigentleg er den minste administrative eininga. Berre i Austlandsområdet er det eit større tal prestegjeld der soknene ikkje er avmerkte i listene. Trass i desse unntaka har ein derfor i publikasjonen valt å bruka soknene som grunneiningar, og heller la dei stå utan tal i dei prestegjelda der inndelinga vantar.

For det andre møter ein vanskar når ein vil skilja ut befolkninga i byane. Her finst kjøpstader, som er juridisk definerte ved sine privilegier av økonomisk og administrativ art. Blant kjøpstandene kjem stiftsbyane Kristiania, Kristiansand, Bergen og Trondheim i ein klasse for seg, dels fordi dei høyrer til dei største, og dels fordi dei er administrasjonssentra. Men til byane kan ein også rekna ladestadene, som er definerte ved sin særskilde økonomisk-administrative status. Dei er i folketeljinga ikkje med i kjøpstadene, men finst opptalde som deler av dei landsens prestegjelda dei høyrde til. Som regel er ladestadene så klart avmerkte i listene at dei lett kan skiljast ut frå prestegjelda og først i hop med kjøpstadene. På denne måten er bybefolkninga i denne publikasjonen blitt til. Denne bydefinisjonen skulle tilfredsstilla moderne krav i så måte at kjøpstader og ladestader er område med tett busetnad og spesielle økonomiske funksjonar.

Denne publikasjonen nyttar dei ulike administrative inndelingane med grensene slik dei var i 1801. Ein kan ikkje utan vidare rekna med at til dømes prestegjelda fell saman med våre dagars kommunar. For å understreka dette er alle inndelingane namngitte med skrivemåten frå folketeljingslistene. Namna vert ei avspegling av den tids forvirring i språk og rettskriving, men syner dermed avstanden frå tilhøva no. Men dersom ein er villig til å godta småfeil, vil ein kunna slå bru beinveges frå amtsinndelinga i 1801 til fylka i dag. I tabellane er Jarlsberg og Larvik slegne saman for å motsvara Vestfold. I teljinga står Trondhjem som eitt amt, medan det her er kløyvd i Nordre og Søndre, slik som Trøndelagsfylka no. Dette er likevel ikkje gjort med Finnmarkens amt, som altså er likt Troms og Finnmark fylke.

Endeleg innfører denne publikasjonen ei inndeling som ikkje vart nytta i folketeljinga, nemleg grupperinga i fem landsdeler. Austlandet er amta til og med Bratsberg, Agder svarar til dei to amta Nedenes og Lister og Mandal, Vestlandet til dei fire amta frå Stavanger amt til Romsdals amt, Trøndelag til dei to Trondhjems-amta og Nord-Noreg til Nordlands og Finnmarkens amt.

### 3.8. Problemet Holt-Dypvåg

Så nøyaktig folketeljinga 1801 enn måtte verka, er det knapt å venta at ho skal vera heilt fullstendig i si geografiske dekning. Det er alt på det rene at einskilde gardar manglar, og fleire vil visseleg koma for dagen. Den verkelege ulempa ligg likevel i at listene for eit heilt prestegjeld er bortkomne. Det gjeld Holt prestegjeld med soknene Holt, Dypvåg og Flostad, som ligg i Nedenes futedøme og amt og Kristiansand stift. I 1826 oppgir Jens Kraft folketalet i 1801 til å vera 2 584 i Holt, 1 276 i Dypvåg og 723 i Flostad. I ein offisiell statistisk publikasjon frå 1874, som byggjer på ei bearbeiding frå 1820-åra (sjå nedanfor) vert folketalet i "Holt landdistrikt" sett til 2 324, medan ladestaden Tvedestrand får 260 innbyggjarar. Av dette kan ein skjønna at listene truleg framleis fanst i 1820-åra.

Tapet av listene har gjort at ein i denne publikasjonen har måtta utelata dei 4 583 menneska i dei to seinare prestegjelda Holt og Dypvåg frå alle tabellane. Det vert gjort uttrykkeleg merksam på dette der det er oppgitt folketal for Nedenes, Agder eller riket. Men fråveret gjer seg sjølvstundt gjeldande i alle samanhengar. Kan vi få ei aning av korleis dette påverkar storleikane i dei ulike tabellane? Skjønsmessig kan ein gå ut frå at dei tre soknene har hatt 8-900 husstandar. I 1825, då folketalet var mest 15 prosent høgare enn i 1801, fanst her 445 gardbrukarar og 89 husmenn med jord. Dette er lite i høve til talet på husstandar, og viser at det er eit område mykje utanom det vanlege som er gått tapt. I Holt låg nemleg det store Nes jernverk, fleire gruver og sagbruk, og utskipingsstaden Tvedestrand. Området har difor hatt ei etter måten stor arbeidarbefolkning. Det inneber at utslaga på visse deler av yrkesstatistikken kan verta monaleg større enn den halve prosenten av folkemengda i riket som innbyggjarane i Holt-Dypvåg utgjorde. Det er viktig å ha dette klart for seg når ein brukar tabellmaterialet i denne publikasjonen.

#### 4. TIDLEGARE BEARBEIDING AV FOLKETELJINGSMATERIALET FRÅ 1801

Som nemnt vart folketeljingslistene sende frå Noreg til Rentekammeret i København. Her vart det i åra 1802-03 utarbeidd tabellar over folkemengda i dei einskilde amta, fordelt på alder, ekteskapeleg status og yrke. Desse tabellane finst no i biblioteket til Danmarks Statistik.

Etter 1814 vart listene overførte til Noreg igjen. I 1827 trykte professor Frederik Holst eit arbeid "Om Folketellingen i Norge i Aaret 1825" i tidsskriftet Budstikken, og her tok han med eit utdrag av tabellar frå 1801-teljinga som Tabelkontoret i Finants-, Handels- og Tolddepartementet hadde utarbeidd over folketalet i amta, fordelt på by og land. Same året føreslo regjeringa at resten av dette tilfanget burde trykkjast, men Stortinget nekta å løyva dei 3-400 spesiedalarane som trongst. Først i 1874 vart arbeidet frå det gamle Tabelkontoret prenta i publikasjonen "Tabeller vedkommende Folketællingerne i Aarene 1801 og 1825", utgitt av Departementet for det Indre.

Alt lenge før trykkinga var desse tabellane til nytte for norske samfunnsforskarar og historikarar. Då Jens Kraft i 1820-åra arbeidde med første bandet av "Topographisk-Statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge", brukte han truleg primærmaterialet frå folketeljinga i 1801, men sidan gjekk han over til å byggja på oppgåvene i Tabelkontoret. Det same materialet vart sidan nytta av Anton Martin Schweigaard i "Norges Statistik" (1840), M. Braun Tvethe i "Norges Statistik" (1848) og av Eilert Sundt i ei lang rad av hans arbeid. Endå mykje vidare vart brukarkrinsen etter at materialet omsider vart prenta i 1874.

Trass i dette stettar ikkje dei tabellane som vart laga i Tabelkontoret dei krava vi i dag stiller til ei statistisk bearbeiding av ei folketeljing. Tabellane er ikkje tilstrekkeleg nøyaktige, noko ei rask granskning av totalfolkemengda viser. I tabellen frå Budstikken 1827 er det samla folketalet oppgitt til 883 038. I tabell 1 i 1874-utgåva er det sett til 883 353, men på side 98 er det endra til 883 449. Tabellane 38 og 39 har sidan totalsummane 883 487.

Dette er likevel smålyte. Viktigare er det at moderne statistisk bearbeidingsmåte gjer det mogleg å utnytta grunnlagsmaterialet frå 1801 til ei langt finare kartlegging av den norske befolkninga enn det Tabelkontoret hadde føresetnader for. Det gjeld yrkesfordelinga, der Tabelkontoret nógde seg med ei inndeling i 27 hovudgrupper. Det gjeld aldersfordelinga, der den eldre utgåva berre har tiårsgrupper, og det gjeld husstandane, som det ikkje er gjort forsøk på å analysere i det heile. Endeleg gjeld det den geografiske dimensjonen der det eldre tabellmaterialet fylgjer ei grov inndeling i stift, amt og by-land, medan originalistene gjer det mogeleg å henta ut data for mindre einingar som prestegjeld, sokner og gardar. Med ei ny bearbeiding vil ein altså kunna få eit mykje meir detaljert bilete av det norske samfunnet i 1801 enn det var råd tidlegare.

#### 5. BEARBEIDINGA

##### 5.1. Klassifikasjonar og definisjonar

Under gjennomgangen av folketeljingsmaterialet (avsnitt 3 ovanfor) vart det avdekt ei rad inkonsekvensar, feilkjelder og manglar som skapar problem når det skal utnyttast statistisk. Det vart nemnt heimstad, alder, ekteskapeleg status, familie og husstand. Men dei langt største vanskaner knytter seg til yrkesgrupperinga, og det er den som skal omtalast her.

I teljinga finst det om lag 40 000 ulike nemningar i yrkeskolonna. Mange av desse nemningane står for eit faktisk yrke, som fiskar, skomakar, gardbrukar. Andre viser juridiske forhold som odelsbonde, andre sosial status som husmann med eller utan jord, atter andre fortel om uvanlege helsetilstandar som vanfør eller sinnssjuk. Mange personar har fått to yrkesnemningar. Under arbeidet med tabellverket har det difor vore vanskeleg å samla dei kring 40 000 yrkesnemningane i større grupperingar. Det er valt to grupperingar: Ei fin yrkesinndeling i kring 300 levevegskategoriar, som igjen er samla i 39 hovudgrupper (sjå tabell 8).

Inndelinga er gjort etter fylgjande prinsipp: a) Ein har bygd på "yrkesnemningane" slik dei finst i folketeljinga, jamvel om dei strengt teke ikkje fortel om yrke, slik som husmann utan jord. Yrkesgrupperinga vil derfor innehalda klare inkonsekvensar som har vore nødvendige å godta om ein ville fanga dei store samfunnsgruppene og ikkje gjera vald på materialet, b) Der det er brukt fleire nemningar

om ein og same person, er desse kategoriane lagde til grunn for klassifiseringa: Bonde, husmann, husmann utan jord, fiskar, innerst, og dessutan kombinasjonane bonde og fiskar, husmann og fiskar, og husmann utan jord og fiskar. Kan ein person plasserast i ei av desse gruppene, er det gjort utan omsyn til kva som elles måtte stå om vedkomande. Bak desse har gruppene kårfolk og pensjonistar fått prioritet framom resten.

Kategoriane elles reiser ikkje store vanskar i og med at dei gjeld få personar. Ved grupperinga har kjøpmann, handelsmann, høkar og gjestgivar fått prioritet framom skipper, styrmann, jekteskipper og rekkja av handverkskategoriar. Ein "Styrmann og Gjestgiver" er rekna som gjestgivar. Kategoriane underoffiserar og soldatar har lågast prioritet, og det same gjeld tenestemennene. Men desse prioriteringsreglane er nytta med varsemd. Når det går fram av den originale nemninga at presten har prioritert annleis, er hans rangorden fylgd. Ofte har ein handverkar fleire handverk. I undergrupperinga er han då plassert etter det som er først oppført, så sant dette er ein eigen kategori.

For dei åtte hovudgruppene 18-25, som gjeld bønder, husmenn, fiskarar og innerstar, skjer undergrupperinga etter kva kombinasjonar av yrke vedkomande har. Prioriteringa er då gjord som for hovudkategoriane. Soldatane har lågast prioritet, medan tenestemennene har fått høg prioritet. For å få med alle smedane til dømes må ein derfor summere hovudgruppene 11 og 12 og undergruppe 41 i hovudgruppene 18-25. Likevel kan ein ikkje rekna med å få med alle som er omtala som smedar. Det same gjeld nemninga soldat. Ein vil finna soldatar under mange hovudgrupper, men ikkje alle dei som ber nemninga soldat i sjølve teljinga.

Grunnregelen er at det berre er yrkesnemninga som avgjer kva yrkesgruppe ein person kjem i. Det finst unntak. Det viktigaste er om det i husstandskolonna står ein yrkestittel, som til dømes tenestefolk eller innerst. Då vil yrket verta bestemt av husstandsnemninga om det ikkje står noko i yrkeskolonna, og av begge nemningane om det gjer det. Dersom det står innerst i husstandskolonna og smed i yrkeskolonna, vil personen verta plassert i gruppa "innerst og smed".

Vaksne born av husbondsfolket vil i teljinga stundom vera oppførte som tenestefolk, av og til ikkje. For å få konsekvens er dei aldri sette i tenestefolkgruppa. Kona til ein innerst er somme stader oppført som innerst, andre stader ikkje. Dei er her alltid sette som innerstar.

